Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. 8 Herad: Bø.

Emne: Beit og brom. Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. Gard: Nordbø.

(adresse): Bø Telemark. G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og oppsk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Ja, ein har nytta beit, men navnet brom er ukjend. Men dei skulla med lauvknopp-kvistar.
Dei bruka bjørk, men og selju.

2

Dei sa dei var i markja å henta beit.
Var det lite og vegen var stutt (o: skogen var tett ved husa) bar dei beiten heim. Var det lang veg, køyrde dei det ofte på ein vanleg sleda. Nokon vers beitsleda veit eg ikkje av at dei nytta.

3.

Ein kunne køyre heim bjørk til ved og nytte kvistane til beit. Men det vanlege var at dei straukt til markja einsleis etter beit. Det var ofte ungskog, ungbjørkar som dei køyrde heim på vinterføret.

1008

4

Dei brukka helst òks når dei hakka
lauv. Kunnan nok au nytte lauv-
kniv. Lauvkniven var noko
krokut ute i enden.

5.

Det var sau og geit og ku, ja
au hest, som fekk lauv.

6

Dei la ofte lauvkosten i ein
haug, sleppte ut ku og sau
og geit og let dei gnaga i
haugen. Når dei hadde gnaga
oppå, velta dei det av så
dei fekk gnaga det som var
under.

7

Det var vanleg skikk og bruk
at dei straukk åt markja om
langfredags morgon fastande.
Da skulle dei henta lauv
til kråtura. Dei var svoltne
og trøytte og vassa i snøen
og kom berande heim med
bóra. Både dei og kuene laut
lide med Jesus.

„Me va så svoltne, så svoltne"
fortalde gamle folk.
Men skikken var så langt
ut i 1800-talet.
Understrivne (f 1889) kan
jammele hugse dei brukka
å „skjerpe" i påska.

NORSK ETNOLOGICK GRANSKING

1008

Tillegg.

8

Det er ei segn om at dei
sprang at markja og ville
henta beit i Treitangardam
i Bø.
Dei kom endå så fælt upi
det den gangen. Det blei eit
fælt uver og eg syns hugse
det kunde vorto gale.
Det blei siste gangen dei henta
beit i Treitangardam.
(Segna har eg ein stad, men kan
ikkje finne henne.)

Dei kunne meir ta skav og beit
kvar dei ville i gamle dagar.
Det var ikkje så nøye med eigedoms-
retten. Og somme staden var store
sameigeskogar (ofte oppe mot fjellet).
Somme bar fôr i kjesse (som var
bunden av viur og hadde hankar
til akslene så dei kunne bera
henne på ryggen.)
I Tuddal kallar dei ho skrinda.
Kune lika beit. Det hender
enno at når kvinnfolka kjem
åt fjøset med sopelimen,
vil kune nesten eta opp
limen. Det er bjørkerist
dei skjessar på og fyser etter.
Dei meinte av at kune
kunne ha godt av litt attåt-
næring.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING